

Emnerapport

Emnekode: HIS101

Semester: Haust 2013

Emneansvarleg: Geir Atle Ersland

Andre lærarar på emnet: Ingvar Mæhle, Jørgen Christian Meyer, Eldbjørg Haug, Leidulf Melve, Arne Solli, Ståle Dyrvik, Thomas Slettebø, Eivind Seland.

Undervisningsopplegget:

Førelesingar 38 dobbelttimar: Meyer 7, Mæhle 3, Melve 3, Ersland 5, Haug 4, Dyrvik 4, Solli 3, Slettebø 4, Seland 1.

Obligatoriske øvingsoppgåve med bestått – ikkje bestått. Dei som ikkje passerte i første omgang fekk tilbod om nytt forsøk.

Kollokviegrupper leia av masterstudentar var eit populært tilbod, men ikkje alle studentane fekk plass.

Leselister, førelesingsnotat/powerpoint og arbeidsoppgåver, blei laga av dei fleste førelesarane og lagt ut på Mi side.

Pensum:

Pensum bestod av utdrag frå oversiktsverk, samla 1200 sider.

Kommentarar og tilbakemeldingar frå studentane, evaluering:

Bortsett frå detaljar omkring rutinar, har eg ikkje motteke tilbakemeldingar direkte frå studentane knytt til gjennomføringa av førelesingane, eller andre delar av pensum. Om lag halvparten eller færre av studentane møtte til førelesingane. Interesse for materialet utlagt på Mi side var låg.

Tiltak du vil vurdere for å forbetra undervisninga:

Den låge deltakinga på førelesingane skuldast truleg at mange ser på historie som eit studium der ein kan tileigna seg det som blir kravd til eksamen ved å lesa pensum på eiga hand. Motsett ser det ut til at mange av dei som kjem til førelesingane ikkje har lese pensum grundig, eller i det heile, men satsar på at førelesingane skal gi den nødvendige basiskunnskapen. Eg synest det er lite som tyder på at tilleggsmateriell på Mi side, er til hjelp verken for dei som går på førelesingar eller dei som ikkje gjer det, og ressursbruken på dette bør skiftast over til andre område av undervisninga. Utfordringa slik eg ser det, er å få høgare deltaking på førelesingane og auka effektiviteten av pensumlesinga. Det bør diskutast om førelesingane kan dreiest bort frå eit detaljeringsnivå som blir oppfatta som ein repetisjon av pensum.

Eg vil føreslå at det blir færre førelesingar, og at desse får ei form som i mykje høgare grad tar sikte på å ordna stoffet i hovudlinjer. Førelesingane må fungera som avgjerande for å meistra kravet til eit fruktbart eigenstudium, og evne til å få grep om overordna perspektiv må vektleggast

sterkare ved eksamensvurderinga. Studentane må oppleva at førelesingane og pensumlesinga har ulike mål, og ikkje at det eine er meir av det andre.

Undervisningsfasilitetar:

Auditorium og utstyrt har fungert til føremålet.